

Inge Herman Rydland
Knapstadveien 18
1823 Knapstad
Mob: 41279370
e-post: ihrydland@gmail.com

16. juli 2013

Arealplan

Lindås Kommune
Kverhusmyrane 41
5914 Isdalstø

Kommuneplanen, ventar svar på innspel (123) – referanse brev av 1. mars 2011.

Eg viser til vedlagt brev, som tek opp spørsmål om utbygging på to parsellar på Rydland, 173/3. Viser til brev av 3. august 2010, med skisser (ligg også vedlagt) over dei to parsellane.

Argumenta mine i brev av 1. mars 2011, står ved lag – og har ikkje blitt imøtegått av kommunen. Det er viktig å ta vare på kulturlandskapet, *men det er ikkje gratis å gjera det*. Det rekk med ein tur rundt Seim so finn ein snart gardshus og særleg løer som rotnar på rot. Eg er overtydd om att kommunen ikkje ser det som ein god måte å ta vare på kulturlandskapet på.

På Rydland har eg to val: Enten gjer eg igjen ting, og løa vill snart verta som fleire andre i bygda: Ei sørgeleg syn. Alternativet er, slik eg ser det, mykje meir positivt: Investera i reperasjonar og oppussing. Det handlar det om nye golv, nye sperrer og tak samt reparasjon av fleire delar av ytter- og innerveggjar.

Hovudargumentet frå kommunen var tidlegare att det ikkje fins skuleplass på Seim for innflyttarar. Difor heller ikkje nokon form for løyve eller dispensasjon. Men spørsmål om kapasitet på skulen reknar eg no som løyst.

Eg meinar difor at tida no er inne til å be om ein ny og meir konstruktiv dialog med kommunen om utvikling av dei to parsellane, eventuelt ei prioritering mellom dei to.

Med venleg helsing,

Inge Herman Rydland
Grunneigar 173/3

Inge Herman Rydland
Knapstadveien 18,
183 Knapstad
mob.: 41279370

1. mars 2011

Arealplan

Lindås Kommune
Kvernhusmyrane 41
5914 Isdalstø

Innspel til Kommuneplanen – basert på innspelnummer 123; gbnr 173/3 Rydland

Viser til Kommuneplanen og dei dokument som fyljer den. Dokumenta viser att kommunen har gjort eit omfattande arbeid for å "sila ut" dei områder som etter Arealplan si vurdering kvalifiserar, alternativt ikkje kvalifiserar til utbygging.

Eg har sidan fleire år tilbake meldt inn to parsellar. I dialogen med kommunen har det kome fram fleire innvendingar mot særlig 173/3, på søre delen av garden. Dette er eit område som i sakshandsaminga har vore omtala som Solbakken II, og som i heile planperioden har vore med som ein del av Solbakkenfeltet. Det var økonomiske og ikkje arealtekniske årsaker til att denne delen ikkje vart ein del av første runde i Solbakken. Den andre parsellen, som ligg på det vi kallar Steinhøyen, rett ovanfor Sollia, var med same i runden som Solbakken, men eg trekte forslaget av årsaker nemnd ovanfor.

Eg meiner att begge desse felta er mogen for utbygging, men har forståing for att Kommunen, med dei ramar som rår, må prioriteringa i slike saker. Når det gjeld kommuneplanen ser eg at vurderinga av begge parsellar (innspelsnr 123) er særdeles knapp: "*To Parsellar. Begge er konfliktfylt ut i frå omsynet til landbruks- og kulturminneinteressene.*"

Når eg går attende og ser på den omfattande korrespondansen med kommunen om Solbakken II og seinare om Steinhøyen, så vart me einige om att me skulle leggja inn forslaga i kommuneplanen, og ikkje handsama (særleg Solbakken II) som private forslag (ref. dialogen med fylkesmannen). Vidare ser eg att dei mange omsyn som kom opp i tidlegare kommunikasjon mellom kommunen og meg, no ikkje lenger vert vurderte som snublesteinar for ny utbygging. Det tykkjer eg er positivt og i tråd med dei innspel eg fekk kome med då.

Med dette brevet vil eg likevel no, og med fyljande grunngjeving, be om att begge parsellane vert revurdert som relevante for utbygging:

- Ei positiv vurdering vil vera i tråd med dei forventingar som eg har etter tidlegare rundar med kommunen og med fylkesmannen om tilrettelegging for utbygging.
- Dei to parsellane har aldri vore rekna som bonitetsmark. Dei har ei lang historie som mager beitemark, og for Steinhøyen sin del, mest viltveksande mark. Sjølv om ansvarleg for slått dei siste åra har ete seg litt inn i delar av parsellane, endrar ikkje dette på kvaliteten på jorda.
- Kulturlandskapet og dei interesser som knytta seg til det er på mange måtar eit speil av samspelet mellom tradisjonar, jordbrukpraksis, skogdrift, busetningar og bygdeutvikling. Sjølv om det kan vera motstridande interesser og konflikter i dette samspelet, er det erkjenninga av fellesgodene som veks fram i ei slik samhandling som leier til bærekraftig utvikling. Rydlandsnes, Sollia, Solbakken, Klubbane er gode dømer på att i levekraftige bygder må kulturlandskapet vurderast som ein dynamisk ressurs som svarar på og tilpassar seg dei behov som samfunnet og menneska har. Når eg igjen tek til orde for att det må gjevast løyve til utvikling av begge parsellane, er det fordi dette gjev ei utbygging basert på fortettingsprinsippet, noko som er både samfunnsbyggjande og rasjonelt ut i frå offentleg og privat tenesteyting. Min søknad handlar difor ikkje om ei spreidd utbygging, med få einingar over eit stor areal, då dét er meir øydeleggjande for kulturlandskapet enn noko anna.
- Då eg ber på eit sterkt ynskje om å ta vare på det kulturlandskap som hus, bygningar og kringliggjande områder på garden representerar, er det ut i frå ein samfunnsøkonomisk synsvinkel rett att dei kostnader som går til ei bevaring av eigedommen, vert henta frå garden. Solbakken gav meg mogelegheit til å restaurera heile gardshuset. Det vart eit stor prosjekt, men huset er no sikra for fleire generasjonar. No er det driftsbygningen som treng våling. Ei positiv handsaming av min søknad vil leia til bevaring av eit viktig kulturlandskap på Rydland. Dette er, etter mi vurdering, eit svært viktig moment å ta med i revurderinga av min søknad.

Eg ber difor om ei positiv handsaming av dette innspelet, og ser fram imot eit godt samarbeid med kommunen i saka. Skulle det koma til eit punkt der kommunen konkluderar med att meg må prioritera mellom dei to parsellane, noko eg vonar ikkje skjer, ber eg om ein dialog med kommunen før ei slik avgjerd vert teken.

Med venleg helsing,

Inge Herman Rydland
Grunneigar 173/3

Inge Herman Rydland
Knapstadveien 18
1823 Knapstad
Mob: 412 79 370
e-post: ihrydland@gmail.com

3. august 2010

Lindås kommune
Arealplan
5912 Isdalstø

Framdrift for kommuneplanen, Lindås kommune

Eg viser til tidligare kommunikasjon med Arealplan angåande framdrift for kommuneplanen for Lindås kommune, og mi innmelding av to tomteområder på Rydland (173/3) som eg i tideagre brev ber blir innlemma i denne planen.


Då eg ikkje hører noko frå kommunen i denne saka, tek eg meg friheita til å senda eit nytt brev om saka for ei oppdatering av stoda. Eg legg også ved kopi av tidlegare skisse for utviding av Solbakken, som me i ein tidlegare runde var einige om å fremja i kommuneplanen. Denne prosessen starta i 2006. Det andre feltet, "Solhøgda", har også blitt meldt inn til denne planen. Etter ein ny gjennomgang av feltet, ser det ut til at det vert plass til fem tomter på Solhøgda. Kor mange einingar som kan byggjast, vil eg gjerne koma attende til. Erfaringa frå utviklinga av Solbakken, der kommunen godkjende ei auke frå fem til ni einingar, kan opna for ei liknande vurdering for utviklinga av Solhøgda.

Eg har forståing for at kommunen har ei stor arbeidsbør med denne planen. Samstundes har eg blitt lova att ein slik plan er på veg sidan 2002. Frå nettsidene framgår det att ny kommuneplan vart godkjend i 2003. Samstudens står det at det er vedtak frå 1. sept. 2006 gjeld (BraPlan). Då nettsidene ikkje framstår som eintydige, ber eg difor om ei avklaring om

- kor arbeidet med denne planen står per i dag;
- kva for milepelar som gjeld før planen kan setjast ut i livet;
- når eg kan venta svar frå kommunen om korleis mine to felt vert innarbeidd i planen;

Eg ser fram imot ei rask handsaming av saka.

Med venleg helsing,



Inge Herman Rydland
grunneigar 173/3

Forslag til utvidelse av Solbakken byggefelt


Alternativ : 1



Mål = 1 : 1 000

Seim , 02. 12. 2006

K.W.J.
02/12-06

Arkitekt Knut Willie Jacobsen AS
5912 SEIM
Telf.: 56 35 09 85
93 23 22 40
Fax: 56 35 16 92
E-mail: garbu@online.no





Lindås kommune
Areal- og miljøavdeling

Dato: 2006.11.22
Sign: tvi



N
1:1000

Inge Herman Rydland
Knapstadveien 18
1823 Knapstad
Mob: 412 79 370
e-post: ihrydland@gmail.com

3. august 2010

Lindås kommune
Arealplan
5912 Isdalstø

Framdrift for kommuneplanen, Lindås kommune

Eg viser til tidligare kommunikasjon med Arealplan angåande framdrift for kommuneplanen for Lindås kommune, og mi innmelding av to tomteområder på Rydland (173/3) som eg i tideagre brev ber blir innlemma i denne planen.


Då eg ikkje hører noko frå kommunen i denne saka, tek eg meg friheita til å senda eit nytt brev om saka for ei oppdatering av stoda. Eg legg også ved kopi av tidlegare skisse for utviding av Solbakken, som me i ein tidlegare runde var einige om å fremja i kommuneplanen. Denne prosessen starta i 2006. Det andre feltet, "Solhøgda", har også blitt meldt inn til denne planen. Etter ein ny gjennomgang av feltet, ser det ut til at det vert plass til fem tomter på Solhøgda. Kor mange einingar som kan byggjast, vil eg gjerne koma attende til. Erfaringa frå utviklinga av Solbakken, der kommunen godkjende ei auke frå fem til ni einingar, kan opna for ei liknande vurdering for utviklinga av Solhøgda.

Eg har forståing for at kommunen har ei stor arbeidsbør med denne planen. Samstundes har eg blitt lova att ein slik plan er på veg sidan 2002. Frå nettsidene framgår det att ny kommuneplan vart godkjend i 2003. Samstudens står det at det er vedtak frå 1. sept. 2006 gjeld (BraPlan). Då nettsidene ikkje framstår som eintydige, ber eg difor om ei avklaring om

- kor arbeidet med denne planen står per i dag;
- kva for milepelar som gjeld før planen kan setjast ut i livet;
- når eg kan venta svar frå kommunen om korleis mine to felt vert innarbeidd i planen;

Eg ser fram imot ei rask handsaming av saka.

Med venleg helsing,


Inge Herman Rydland

grunneigar 173/3